

Saksframlegg

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 12/5364-11

Avtale mellom Solund kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om skuleskyssmidlar til kommunal veg

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Avtalen mellom Solund kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om omdisponering av skuleskyssmidlar til kommunal veg til Tangenes, vert godkjent. Jf. vedlegg.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å skrive under avtalen.

Vedlegg:

Avtale mellom Solund kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om omdisponering av skuleskyssmidlar til kommunal veg til Tangenes.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

FT-sak 10/13 Søknad om omdisponering av skuleskyssmidlar til finansiering av kommunal veg til Tangenes.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Fylkestinget handsama 16. april 2013 FT-sak 13/10 – Søknad om omdisponering av skuleskyssmidlar til finansiering av kommunal veg til Tangenes.

Fylkestinget gjorde vedtak om å imøtekome Solund kommune sin søknad om å omdisponere skuleskyssmidlar med båt til finansiering av kommunal veg til Tangenes.

Fylkestinget vedtok at fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne avtalen mellom fylkeskommunen og Solund kommune.

Framlegg til avtale med Solund kommune vert med dette lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning. Framlegg til avtale følgjer saka som vedlegg.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i 2013 FT-sak 13/10 – Søknad om omdisponering av skuleskyssmidlar til finansiering av kommunal veg til Tangenes.

1. *Søknaden frå Solund kommune om ei omdisponering av skuleskyssmidlar med båt til finansiering av kommunal veg til Tangenes, vert imøtekomen.*
2. *Føresetnaden er at det vert inngått avtale med Solund kommune om at kommunen har det økonomiske ansvaret og driftsansvaret for skuleskyss til/frå Tangenes - fv. 606, slik at innsparinga vert realisert.*
3. *Dette vert eit årleg tilskot på kr. 180.000, regulert etter KPI-indeksen, som tilsvarar kostnaden med den daglege skuleruta kl. 14.30 frå Hardbakke til Tangenes, med endestopp Gåsvær.*
4. *Tilskotet gjeld i ein tiårs periode frå vegen er bygd og båtruta kan leggest ned. Dersom det vert behov for å opprette skulerute til Tangenes eller andre stader langs båtruta i midtre Solund att, i den gjeldande tiårs perioden som fylkeskommunen vert ansvarleg for, vil tilskotet falle vekk.*
5. *Omdisponeringa av skuleskyssmidlane vert lagt inn som føresetnad i økonomiplanarbeidet.*
6. *Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne avtalen mellom fylkeskommunen og Solund kommune.*

Andre opplysningar

Framlegg til avtale vart behandla i formannskapet i Solund kommune 30. januar 2014.

Formannskapet gjorde følgjande vedtak:

«I tråd med kommunestyret sitt vedtak i k-sak 15/13 godkjenner Solund formannskap avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om omdisponering av skuleskyssmidlar til kommunal veg til Tangenes».

Arbeidet med vegen til Tangenes er i gong. Ut frå framdriftsplanen meiner Solund kommune at det tidlegaste realistiske tidspunkt for å legge ned båtavgangen er hausten 2015.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen meiner framlegget til avtale er i tråd med føresetnadene i vedtaket i fylkestinget.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner avtalen mellom fylkeskommunen og Solund kommune.